

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.08.2015

### Handsaming i møte

Dagleg leiar Steinar Langenes i Storeholmen VTA AS orienterte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det kom m.a. fram at denne saka no vil verta prioritert frå verksemda si side.

Kontrollutvalet beklagar at Storeholmen VTA AS ikkje har sendt naudsynt informasjon til Deloitte før ca. eit halvt år etter at det var bede om, på tross av fleire purringar. Utvalet tok likevel informasjonen til orientering.

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av Storeholmen VTA AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtaket vert å sende fylkestinget og styret i Storeholmen VTA AS til orientering.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet beklagar at Storeholmen VTA AS ikkje har sendt naudsynt informasjon til Deloitte før ca. eit halvt år etter at det var bede om, på tross av fleire purringar. Utvalet tok likevel informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 23.11. 2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og Storeholmen VTA AS sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
3. Informasjonen frå Deloitte vert elles teken til orientering.